



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
21.11.2014  
Dykkar dato  
29.07.2014

Vår referanse  
2014/9505 561  
Dykkar referanse  
14/1394

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Motsegn til søknad om overføring av vatn 1062 og vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune

Situasjonen for anadrom fisk i dei berørte vassdraga er i dag kritisk. Eksisterande konsesjon må opp til revisjon før ein kan vurdere nye utbyggingar. Utbygginga vil redusere vassføringa i viktig fosselandskap og gi synlege inngrep langs ein av dei mest sentral turstiane til Folgefonna, nær grensa for nasjonalparken. Det er og nødvendig å vurdere samla belastning på naturmangfaldet på Folgefonnhalvøya. Fylkesmannen har motsegn knytt til anadrom fisk, landskap og friluftsliv.

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad om overføring av to vatn på Pyttafloane for produksjon i Mauranger kraftverk. Fjellplatået Pyttafloane ligg vest for Kvitnodalen, nær grensa til Folgefonna nasjonalpark.

Tiltaket er eit O/U-prosjekt knytt til Folgefonnverkene, og søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Fylkesmannen har fått høyringsfrist til 21. november 2014.

#### Om tiltaket

Vatn 1062 drenerer i dag til Øyreselva i Nordepollen. Vatn 1112 drenerer til Austrepollelva i Austrepollen. Planlagt overføring vil føre vatnet via Svartedalsmagasinet til Mauranger kraftverk. Ein vil byggje demning ved utløpet. Demninga blir 1 m høg og 10 m lang, og vatnet vert heva 0,5 m. I austre ende vert det laga eit borehol med lengde 70 m.

Bekken frå Vatn 1112 går i eit trongt skar om lag 400 m. Planane går ut på å byggje ein demning ved vestre ende av skaret med høgde 5 m og lengde 15 m. Dette føret til at vassnivået i heile området vert heva til kote 1112. Vidare vil ein sprengje ny kanal om lag 30 m i ein fjellsprekk mot Bukkaspelvatnet, her vatnet drenerer vidare til Svartadalsvatnet.

Utbygginga vil fjerne 26 % av vassføringa i fossen ned mot Øyresdalen og nærare 60 % av vatnet i Såfossen mot Austrepollen. Det er ikkje foreslått minstevassføring.

Tiltaket vil føre til samla tap av inngrepsfri naturområde i sone 2 på 3,6 km<sup>2</sup>.

Omfanget av overskotsmassar i samband med prosjektet er oppgitt til 4 m<sup>3</sup>. Ein vil plassere tippmasser slik at det ikkje blir synleg frå tursti.

Dei to vatna har eit samla nedbørsfelt på 0,45 km<sup>2</sup>. Utbygginga vil auke produksjonen med omlag 3 GWh/år. Mauranger kraftverk har i dag ei samla produksjon på 1150 GWh.

Konsekvensanalysen i søknaden viser *liten negativ konsekvens* for både landskap, friluftsliv og ferdsel, og *ubetydelig* for fisk og ferskvassmiljø.

### **Fylkesmannens merknader**

Utbygginga er etter vår oppfatning langt meir konfliktfylt enn det som går fram av saka. Konsekvensanalysen er ikkje bygde på tilgjengeleg og relevant kunnskap. Dette har ført til at konsekvensane for sentrale miljøtema er undervurdert i søknaden.

### Fisk og vassdrag

Hardangerfjorden var tidlegare ein av dei viktigaste regionane i Hordaland for laks og sjøaure. Bestandssituasjonen for begge artar er i dag kritisk for dei fleste bestandane langs fjorden.

Både Øyreselva og Austrepollelva er sterkt påverka av eksisterande kraftutbygging. Gjennomsnittleg vassføring i Austrepollelva er redusert med om lag 87 %. I Øyreselva er gjennomsnittleg vassføring redusert med om lag 83 %. Det er i dag minstevassføring i Øyreselva på 200 l/s i perioden 1. juli - 30. november.

Lakseførande strekkje i Øyreselva er 1,2 km. Bestanden av sjøaure i Øyreselva er sårbar til nært truga, grunna regulering og lakselus. Austrepollelva har ein lakseførande strekkje på 1,9 km. Sjøaurebestanden i Austrepollelva er òg vurdert som sårbar, nært truga, igjen som følgje av eksisterande regulering og lakselus. Vassdraga har ikkje sjølvreproduserande bestandar av laks.

Søkjar viser til at vassføringa i Øyreselva berre vert redusert med 1,2 % og i Austrepollelva med 3,9 % og at det difor vil vere utan konsekvens for anadrom fisk. Reduksjonen blir størst i perioden juni – oktober. Fylkesmannen er usamd i denne konklusjonen.

Konsekvensanalysen er ikkje basert på tilgjengeleg kunnskap<sup>1</sup>. I nasjonal gjennomgang av vasskraftkonsesjonar som skal reviderast innan 2022 er Maurangervassdraget plassert i kategori 1.1 med høg prioritet. Rapporten viser at det er nødvendig å *auke minstevassføringa* for å betre tilhøva for anadrom fisk i de to elvane.

Den store reduksjonen i vassføringa har ført til ein auka risiko for dødelegheit på ungfisk og stranding av gytegrøper i Øyreselva. Reguleringa har og ført til reduksjon i ungfiskproduksjonen i elva, særleg grunna reduksjonen i oppvekstareal. Det er tilrådd å auke minstevassføringa i Øyreselva til å gjelde heile året, av omsyn til anadrom fisk.

---

1

HELLEN, B.A., M. KAMBESTAD & G. H. JOHNSEN 2013. [Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøaure i utvalgte vassdrag ved Hardangerfjorden](#). Rådgivende Biologer AS rapport 1781, 249 sider. ISBN 978-82-8308-003-2.

Bjørnar Skår, Helge Skoglund, Sven-Erik Gabrielsen, Bjørn T. Barlaup, Gunnar Bekke Lehmann, Tore Wiers og Godtfred A. Halvorsen. [Langsiktige undersøkelser av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger 2007-2012](#). LFI-rapport nr: 23

I Austrepollelva er ungfiskproduksjonen sterkt redusert som følge av dagens regulering. Særs låg vassføring i tørre periodar har ført til auka risiko for auka dødelgheit på ungfisk og stranding av gytegroper. Den låge vassføringa kan òg føre til auka predasjon på gytefisk. Reguleringseffekten på bestandane av anadrom fisk kan vera ein viktigare faktor enn sjøoverleving i Austrepollelva. For å betre tilstanden i vassdraget må det innførast minstevassføring.

Reguleringane og vassføringsregimet i begge elvar er i dag ein av dei viktigaste grunnane til nedgangen i bestandane. Nødvendige tiltak omfattar innføring av minstevassføring i Austrepollelva, og innføring av minstevassføring heile året i Øyreselva. Ein ytterlegare fråføring vil forverre situasjonen, då det alt i dag ikkje er nok vatn til fisken. Fylkesmannen må vise til prioriteringa knytt til revisjonsrapporten. Vi meiner at eksisterande konsesjon må opp til revisjon før ein kan vurdere ytterlegare overføringar.

Fylkesmannen fremjar motsegn til prosjektet av omsyn til anadrom fisk.

#### Friluftsliv, landskap og opplevingsverdi

Tiltaket er planlagt i eit område som vert mykje nytta i samband med friluftsliv. Pyttafloane er oppmarsjområde til Sørfonna. Det går ei merka tursti frå Markjelke til Hundsøyra forbi området, som vert nytta både sommar og vinter, inkludert på arrangerte turar. Området er verdsett som svært viktig (A-område) i kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområder i Hordaland.

Pyttafloane er og eitt av dei få større samanhengande urørte naturområde som er att etter omfattande kraftutbygging på Folgefonnhalvøya. Området er karakterisert som sårbart høg fjell med stor verdi i fylkesdelplan for småkraftverk. Utbyggingsområdet ligg heilt opp i grensa til nasjonalparken.

Fossane som blir berørt av utbygginga er kjende landemerke, ikkje minst Såfossen som ligg ved den gamle ferdsleveggen over Folgefonna gjennom Hardingaskaret. Elvane som blir berørt av utbygging er typiske flomelvar. I periodar av året er det lite vassføring, er dei lite synlege i landskapet. I periodar med stor vassføring er desse elvane svært viktige landskapselement. Denne vekslende dynamikken gir landskapet sin dramatiske karakter.

I staden for å diskutere eller vektleggje dette har søkjar vist til at det er mange inngrep i området frå før, og at bruken av området kan halde fram. Å bortføre vatn frå elvar og fossar og gjere synlege inngrep i tuområda vert vurdert utan betyding for opplevingsverdien.

Fylkesmannen er usamd med konfliktvurderingane for friluftsliv, landskap og naturvern. Attverande vassdrag og fossar utgjer viktige landskapselement. Vi trur utbygginga vil opplevast som svært negativt, og meiner det ikkje må opnast for nye inngrep i Pyttafloane, som er eit viktigandområde til nasjonalparken.

Det er knytt motsegn til prosjektet ut frå verknader for landskap og friluftsliv.

#### Samla belastning

Området mellom Kysnes – Mauranger – Rosendal var ikkje del av pakken med 13 utbyggingssaker på vestsida av Folgefonna som nyleg vart handsama av NVE. Mauranger og

Rosendal er sterkt prega av store utbyggingar. I tillegg har det vore omfattande bygging av småkraftverk.

Etablering av ein nasjonalpark og fleire landskapsvernområde vitnar om dei store nasjonale og regionale naturkvalitetane i området. Konfliktvurderingar som ikkje tek omsyn til inngrep i randsona til verneområda er etter vår vurdering ufullstendig.

Fylkesmannen meiner det er nødvendig å vurdere samla inngrepsnivå på Folgefønhalvøya. Det må ikkje opnast for større utbyggingar utan ein analyse av landskaps - og opplevingsverdiar og ei grundig vurdering av samla belastning på naturmangfaldet.

Ulempene ved tiltaket må vegast opp at tiltaket berre gir marginal auke i produksjonen i Mauranger kraftverk.

### **Konklusjon**

Situasjonen for anadrom fisk er kritisk i begge dei berørte vassdraga, då det alt i dag er for lite vatn. Forslag om tiltak som vil redusere vassføringa ytterlegare er uakseptabelt, jf. faglege tilrådingar om auke i minstevassføringa. Situasjonen viser at eksisterande konsesjon må opp til revisjon før ein kan vurdere nye utbyggingar i Maurangervassdraget.

Utbygginga vil redusere vassføringa i viktig fosselandskap og gi synlege inngrep langs ein av dei viktigaset turstiane til Folgefonna, nær grensa for nasjonalparken. Konsekvensane vil bli svært negative for landskap og friluftsliv.

Konsekvensanalysen er ikkje bygde på tilgjengeleg og relevant kunnskap. Folgefønhalvøya har store kvalitetar knytt til naturmangfaldet. I denne regionen er det særskilt viktig å vurdere samla belastning på naturmangfaldet i samband med planar om nye inngrep.

Overføringa gir marginal auke i produksjonen i Mauranger kraftverk. Den samfunnsmessige fordelten ved tiltaket er ikkje stor nok til å vege opp for dei negative verknadene.

Fylkesmannen har motsegn knytt til anadrom fisk, landskap og friluftsliv.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Statkraft Energi AS

Kvinnherad kommune

Miljødirektoratet

Hordaland fylkeskommune

Tverrgt. 4/6

5017 BERGEN

Postboks 200 Lilleaker

0216 OSLO

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Postboks 5672 Sluppen

7485 TRONDHEIM

Postboks 7900

5020 Bergen